



Notat

Dato: 16.11.2016
Arkivsak: 2016/412-30
Saksbehandlar: knudjuv

Til: Utval for miljø og samferdsel

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål om ferjekapasiteten på ferjesambandet Jondal - Tørvikbygd

I møtebok frå møte i Utval for miljø og samferdsel 6. september er det teke inn følgjande oversending frå representanten Gustav Bahun (Frp):

«Eg har tidlegare snakka om kapasiteten på Jondal-Tørvikbygd som er for liten. Kan eg få ein status frå Skyss.»

Dagens kontrakt på sambandet Jondal -Tørvikbygd med operatøren Norled gjeld til 1. januar 2020. Det er no avtalt bruk av ferje MF «Etne» som har ein kapasitet på 94 personbileiningar (pbe). Ved start av kontakten i 2012 starta ein med ferja MF «Ølen» med kapasitet på 50 personbileiningar (pbe) noko som også var i samsvar med kravet til kapasitet i anbodet. Etter start av kontrakten i 2012 og fram til i dag er driftsdøgeret utvida samt fleire avgangar er innført.

Dagens ferje MF «Etne» kan ved frakt av køyretøy med farleg last berre ta med 25 passasjerar sidan ferja ikkje er utstyrt med skum-sløkkingsutstyr. Frakt av farleg last medfører attståande bilar. Pr. oktober i år har sambandet hatt ein trafikkvekst (målt i tal pbe) på 6,6% samanlikna med i fjor, noko som også medfører attståande bilar i utfartshelger. Trafikkutviklinga har også vore jamn tidlegare år. Talet på attståande bilar er på 2884 pr. oktober i år noko som er ei auke i samanlikna med tidlegare år. Det er mellom Jondal og Tørvikbygd at talet på attståande bilar har auka. Mellom Tørvikbygd – Jondal er talet på attståande bilar redusert samanlikna med i fjor.

Det er få ferjer i marknaden som ikkje allereie er i bruk og knytt opp til køyring i kontraktar. I tillegg er reserveferjesituasjonen i Hordaland svært utfordrande etter brannen på MF «Strand» og dermed bruk av MF «Gloppen» på sambandet Ranavik – Skjersholmane inntil vidare samt bruk av MF «Fitjar» som ekstraferje på sambandet Kvanndal – Utne. Ei løysning der ferja på sambandet Jondal – Tørvikbygd er utstyrt med skum- sløkkingsutstyr hadde løyst utfordringane knytt til attståande som følgje av frakt av farleg last. Det er ikkje funne rom til endringar her. Det er også vurdert slik at dei økonomiske rammene tilseier at ein bør tåle attståande bilar på enkelte avgangar, til dømes i dei største utfartshelgene.